

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/296	17/4218

Søknad om støtte til deltaking i World Music Contest

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Manger musikklag søker om kr 35 000 til deltaking i World Music Contest (WMC) i Krekrade i Nederland i juli. WMC er ein internasjonal konkurranse for brass band, wind band og fanfare band som vert arrangert kvart 4. år. Manger musikklag er regjerande meister i Championship Division Brass Band frå WMC 2013, og er invitert til å delta i konkurransen også i 2017 for å freista å forsvare tittelen. MML er også invitert til å spela på WMC sin gallakonsert 10. juli. Budsjettet for turen er kr 385 000.

Vurdering

Å få lov til å delta i WMC som regjerande meistrar vil vera ei stor oppleving for Manger musikklag, og kan også gje positiv profilering av Radøy som brasskommune. Det er kostnadskrevjande å reisa på slike turar, trass i at korpset som regjerande meistrar får honorar for deltakinga og spelning på gallakonserten.

Retningslinene kulturmidlar i Radøy kommune seier at tilskot kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune, og aktivitets- og prosjektstøtte kan gjevast til opne kulturarrangement og –prosjekt. Søknaden fell dermed inn under kriteria for kva som kan støttast.

I følgje retningslinene skal tiltak som gjeld born og unge og menneske med nedsett funksjonsevne prioriterast. Manger musikklag har få medlemmer under 20 år. Søknaden må også sjåast i lys av at Manger skulemusikklag nyleg fekk 15 000 kroner i støtte til si EM-deltaking, som har om lag same budsjett. Manger skulemusikklag har 46 medlemmer under 20 år som alle er busette i kommunen. I tillegg har eit skulekorps behov for eit større støtteapparat av foreldre og føresette med på turen. Rådmannen meiner difor at eit tilskot til Manger musikklag må leggjast på eit lågare nivå enn støtta til Manger skulemusikklag, og foreslår at Manger musikklag får kr 5 000 i støtte til deltakinga i WMC.

Saka har vore til uttale hjå Radøy musikkråd. Dei meiner Manger musikklag bør få kr 10 000 i støtte frå kommunen til deltakinga i WMC.

Konklusjon

Deltaking i WMC er positivt for Manger musikklag og kan også gi god profilering av kommunen. Retningslinene for aktivitets- og prosjektstøtte seier at born og unge skal priroterast. Då Manger musikklag er eit korps med hovudsakleg vaksne medlemmer bør støtta vera på eit lågare nivå enn det Manger skulemusikklag fekk tidlegare i år. Rådmannen foreslår difor at Manger musikklag får kr 5000 i tilskot til deltaking i WMC.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manger musikklag får kr 5000 i aktivitets- og prosjektstøtte til deltaking i WMC.

Tilskotet vert henta frå konto 14718 Aktivitets- og prosjektstøtte.

Formannskapet i Radøy - 025/2017**FS - handsaming:**

Jostein Borlaug (Ap) peika på at MML er gode ambassadørar for kommunen, og at dette handlar om eit uoffisielt VM for brassband. Han meiner difor 5000 kroner er i knappaste laget.

Borlaug sette fram følgjande framlegg:

Manger musikklag får kr 10.000 i aktivitets- og prosjektstøtte til deltaking i WMC.

Formannskapet vedtok samrøystes Jostein Borlaug sitt framlegg.

FS - vedtak:

Manger musikklag får kr 10.000 i aktivitets- og prosjektstøtte til deltaking i WMC.

Vedlegg:

Budsjett WMC

Uttale frå Radøy musikkråd